



Vertshuset ventar framleis på ein drivar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vertshuset i Uskedalen er no så godt som ferdig opprusta av Røsmland, uskedelingen som kjøpte det for snart eitt år sidan. Men det har ennå ikkje lukkast å finna ein drivar og nå annonserer Røsmland etter drivar i lokale og regionale aviser. Røsmland hadde håp om å vera ferdig med opprustinga til 1. mai, men det viste seg å ikkje vera mogeleg.

I annonsen heiter det av vertshuset er "fullstendig nyoppusset, blant annet med fullrestaurert kjøkken og nytt inventar"

Det blir og opplyst at huset fram til neste sommar skal utvidast med fem leiligheter for utleige og at denne utvidinga er godkjend av kommunen.

Dei heiter vidare at Vertshuset ligg idyllisk til midt i bygda, tett inntil to campingplassar og to svært populære båthamnar.

Om Uskedalen heiter det at mange har kalt staden eit Noreg i miniatyr og at bygda ligg vakkert til mellom fjord og fjell og har eit breitt aktivitets- og servicetilbod.

Røsmland opplyser til uskedalen.no at han før Vertshuset er opna att med ein ny drivar er interessert i utleige til private arrangement - eventuelt ved å nytta ambulerande skjenkeløyve. Han har hatt fleire førespurnader om slik utleige.

Av Ola Matti Mathisen